Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
15.08.2012
Dykkar dato

Vår referanse
03/1879-421.1
Dykkar referanse

Norscrap West AS
Hanøytangen
5310 Hauglandshella

Rapport frå inspeksjon 3. august 2012

Rapportnummer: 2012.057.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Kenneth Andersen
Tor Ivar Haugland
Håkon Egge Nilsen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Astrid Holte
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fant følgjande avvik innan internkontroll:

- Miljøriskovurderinga har manglar

Avviket er nærare omtala frå side 3 og utover i rapporten.

Norscrap West AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 15. september 2012 på at avviket er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Askøy kommune
Stian Soltvedt

1. Informasjon om verksemda

Namn: Norscrap West AS	**Anleggsnr:** 1247.001.01
Besøksadresse: Hanøytangen	
Postadresse: 5310 Hauglandshella	
E-post: kenneth@norscrap.no	**Telefon:** 56 157200/9417 5435
Kommune: Askøy	**Organisasjonsnr.:** 974737620
Bransjenr. (NACE-kode): 37.100 Gjenvinning av metallholdig avfall og skrap	**Eigar (org.nr):** 984220847
Løyve sist oppdatert: 09.03.2009	**Risikoklasse:** 3

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir overhalde. Inspeksjonen vart gjennomført på bakgrunn av klage via Askøy kommune frå nabo til anlegget. Klage gjaldt forureining som oppstår ved skjering av metall utandørs med mykje røyk som driv over Kollevåg friluftsområde og Askøy Seilsportsenter. Klager hevdar at denne røyken er ubehageleg å puste i og at denne røyken inneheld små stålpartiklar som set rustmerker på bilar og båtar i området.

Ved tilsynet var det berre denne delen av aktiviteten ved verksemda som vart kontrollert.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda plikter snarast å rette opp avviket som er omtale i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 15. september 2012 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avviket er retta.

Varsel om tvangsmulkt
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avviket er retta innan 15. september, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket om tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale kroner 11 600 for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11. farlig avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyve datert 05.07.2007, sist revidert 09.03.2009

Informasjon om regelverket finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:
Miljørisikovurderinga har mangler

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5, punkt 6 og 7.

Kommentarar:
Verksemda skjerer store og tjukke jernelement utandørs innanfor verksemda sitt område. For dette arbeidet kan ein ikkje nytta tradisjonelle metodar for kutting av jern. Verksemda opplyser at dei nyttar smelta jern og oksygen for å kutte jernelementa. Prosessen kjem opp i høge temperaturar og den dannar røyk med gul farge.

Verksemda har leigd inn eit selskap frå Estland, B2B Metalworks, som utførar arbeidet. Arbeidet har haldt på i cirka seks veker, og vil i denne omgong bli sluttført innan ei veke. Arbeidstida er frå kl.8.00 til ca. kl.18.00, 5 dagar i uka. Vi fekk opplyst at dette arbeidet vert gjennomført ca. kvart 4-5 år.

Ved synfaringa konstanterte vi at arbeidet danna mykje gul røyk. Ein del jernelement låg klar for skjering. Dette var mellom anna slaggkaker utan overflatebehandling og større konstruksjonar både med og utan overflatehandtering. Store konstruksjonar med flammehemmande stoff låg også lagra på plassen. Det vart opplyst at dette belegget skulle fjernast før skjering.

Det vart opplyst under tilsynet at verksemda har mottatt telefoniske klager frå naboar.

Skriftleg prosedyre for handtering av naboklagar kunne ikkje leggjast fram ved tilsynet. Naboklagar skal handterast på lik line med andre avvik i drifta. Klagene skal registrerast og følgjast opp.

Verksemda kunne ikkje forstå at denne prosessen førte til støvnedfall slik klagar hevdar. Det vart opplyst at det ikkje er observert støvnedfall på eigne bilar som står parkert i nærleiken av der arbeidet held på. Det vart også peika på at støvmengda frå denne aktiviteten var ubetydeleg samanlikna med støv frå shreddaren.

Fylkesmannen ber om ei utgreiing av prosessen og ein dokumentasjon om kva denne røykgassen inneheld avhengig av kva metall og overflate som vert skjert. Vidare ber vi om ei vurdering om kva miljørisiko denne aktiviteten har og eventuelt kva tiltak som kan setjast i verk for å hindre forureining. Det vart avtalt at verksemda skal ettersende sin prosedyre for sortering av jern og metall til Fylkesmannen.

8. Andre forhold

Skjering av jern utandørs er ikkje særskilt regulert i løyvet frå Fylkesmannen. På bakgrunn av tilbakemeldinga vil vi ta stilling til om det er naudsynt med regulering av tiltaket.

9. Bilde

Skjerebrenning på Hanøytangen

Slaggkaker

Jernkonstruksjonar

Konstruksjonar med flammehemmande stoff